

Fellesnemnd – ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa har drøfta og kjem med forslag til organisering av fellesnemnda, fullmakter, storleik, samansetjing, samansetjing av undernemnder og rolleavklaring/informasjon mot dei ordinære kommunestyra.

Lovgrunnlag

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

§26 Fellesnemnd

*Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å **samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga** eller delinga. Nemnda **bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane** eller fylkeskommunane. Det skal likevel **vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune** eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir **valt av og blant medlemmene i kommunestyret** eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. **Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar**. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.*

*Kommunane eller fylkeskommunane **kan** også opprette **eit felles partssamansett utval** etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.*

*Fellesnemnda skal ta hand om **det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga** eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode **gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld**.*

***Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra** eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane **kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje**.*

*Nemnda kan få **fullmakt til å tilsetje personale** i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om **revisjon** eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.*

***Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art**.*

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.

Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27.

Hovudpunkta i §26 er:

- Fellesnemnd skal samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga
- Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune
- Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
- Det kan også opprettast eit felles partssamansett utval etter §25 i kommunelova for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.
- Fellesnemnda skal førebu arbeidet med budsjett og økonomiplan for det første driftsåret i ny kommune
- Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (Fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane saka gjeld.
- Kommunestyra kan vedta reglement der fullmakter og arbeidsoppgåver blir bestemt
- Kvar av kommunane kan be departementet (Fylkesmannen) om å ta avgjerd i slike spørsmål (dvs. reglementet) dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.
- Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor.
- Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

I rundskriv H-10/15 kapittel 5.3.2 vert det presisert at nemnda ikkje skal få innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane.


Prosess

Prinsippa for fellesnemnda og oppnemning av fellesnemnda bør handsamast i kommunestyra i løpet av mars/april 2017. Dersom kommunane ikkje klarar å bli samde om eit reglement kan kvar av kommunane bringe saka inn for departementet (Fylkesmannen) til avgjerd.

Fellesnemnda bør vere operativ frå og med Stortinget har gjort sitt vedtak og seinast 1.7.2017.

Prosjektorganisering

Det vert lagt til grunn at prosessen med samanslåing av dei fire kommunane blir organisert i samsvar med følgjande prinsippskisse:



* dellar i styringsgruppa ved handsaming av tema som gjeld dei tilsette

Storleik og samansetjing

I samsvar med forslag frå rådmennene i notat datert 24.10.2016 vil fellesnemnda ha 15 medlemmar etter følgjande samansetjing:

Førde: 6 medlemmar + 8 varamedlemmer

Gaular: 3 medlemmar + 5 varamedlemmer

Jølster: 3 medlemmar + 5 varamedlemmer

Naustdal: 3 medlemmar +5 varamedlemmer

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar, men det er semje om at ordføraren i Førde er leiar av fellesnemnda.

Det er kommunestyra i kvar kommune som vel medlemmane blant kommunestyremedlemmane i dei respektive kommunestyra. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld m.a. knytt til kjønnsrepresentasjon. Vi går derfor ut frå at minst eitt av medlemmane frå kvar av kommunane Gaular, Jølster og Naustdal skal vere av eit anna kjønn enn dei to andre. Tilsvarende må minst to av medlemmane frå Førde vere av eit anna kjønn enn dei andre. Men reglane om forholdstalsval kan gjere at dette kravet ikkje er absolutt.

Arbeidsutval

Inndelingslova opnar for at det kan opprettast eit arbeidsutval som kan få mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art. Prosjektgruppa vil tilrå at ein ikkje nemner opp eit slikt utval no, men prøvar å få ei organisering med tydeleg roller mellom politisk og administrativt arbeid. Dette vil ein få om den administrative styringsgruppa innstiller direkte til fellesnemnda. Fellesnemnda bør delegere til den administrative styringsgruppa å ta stilling til reine administrative saker slik rådmennene har det i kommunane i dag. Når den framtidige rådmannen er tilsett, vil det vere naturleg at det er han som har denne fullmakta.

Også arbeidsutvalet er omfatta av reglane om kjønnsrepresentasjon. Dette gjer at dei fire (mannlege) ordførarane ikkje kan utgjere eit arbeidsutval. Prosjektgruppa ser for seg at ordførarane

blir tett involvert i arbeidet ved å ha hyppige og regelmessige møter med den administrative styringsgruppa.

Partssamansett utval (PSU)

Kommunane kan opprette eit partssamansett utval i samsvar med §25 i kommunelova for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. Det partsamansette utvalet svarar til det som ofte blir kalla administrasjonsutval.

Kva oppgåver som skal leggest til dette utvalet må fellesnemnda avgjere, men det er viktig at det blir eit godt og ordna forhold mellom administrasjonen og dei tillitsvalde gjennom formelle møtepunkt og utøving av drøftingsinstituttet i samsvar med hovudavtalen. PSU vil bli eit stort organ, og bør vere eit vedtaks-/tilrådingsorgan og ikkje eit drøftingsorgan. Drøftingar etter reglane i hovudavtalen må skje mellom dei fire rådmennene og dei hovudtillitsvalde. Partane drøftar sakene i administrativ styringsgruppe og sender ei tilråding til PSU som formelt handsamar saka. Mange av dei personalpolitiske sakene kan også avgjerast i den administrative styringsgruppa.

Det er også viktig å streke under at dei tillitsvalde skal vere representert i arbeidsgruppene når det vert arbeidd med oppgåver som gjeld dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Intensjonsavtalen har m.a. slik ordlyd i §10:

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar*

Det vert føreslått at fellesnemnda er arbeidsgjevaren sine representantar og at det partssamansette utvalet også skal ha seks medlemmer som representerer dei tilsette. Dei tillitsvalde er samde om at dei fire hovudsamanslutningane vel kvar sin medlem i PSU. I tillegg skal LO og Unio ha ein ekstra representant kvar.

Sakshandsaming

I Fellesnemnda skal ein søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Forhold som ein likevel vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort med vanleg fleirtal.

I samsvar med §26, 4.ledd i inndelingslova kan kvar av kommunane be departementet (Fylkesmannen) om å ta avgjerd i spørsmål som gjeld fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Mandatet til fellesnemnda

Oppgåvene til Fellesnemnda føl av §26 i inndelingslova og intensjonsavtalen, tilleggskdokument datert 15. 04.2016 samt notat datert 24.10.2016.

- Fellesnemnda skal planlegge og førebu iverksetjing av samanslåinga fram til nytt kommunestyre i den nye kommunen er konstituert. Den skal gå igjennom og vurdere alle prinsipielle forhold i samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.

- Fellesnemnda handsamar politisk organisering i den nye kommunen samt reglement for dei nye politiske organa og arbeidsvilkåra for dei folkevalde.
- Fellesnemnda skal utarbeide mandat for prosjektleiar/ny rådmann og sette i verk tilsetting av denne.
- Fellesnemnda handsamar prosjektleiar si innstilling til hovudmodell for administrativ organisering.
- Fellesnemnda skal sørge for at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad ved samanslåinga blir tatt i vare.
- Medlemmane i fellesnemnda er arbeidsgjevaren sine representantar i det partssamansette utvalet for samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda handsamar revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei fire kommunane.
- Kommunane har i perioden fram til 1.1.2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i Fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg om saker som er til handsaming i folkevalde organ i dei fire kommunane når sakene blir vurdert å ha betydning for den nye kommunen.
- Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske og arealpolitiske konsekvensar. Fellesnemnda skal førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 – 2023, men det er det nye formannskapet som skal gje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret.
- Fellesnemnda disponerer eingongstilskot og reformstøtte frå staten i samband med kommunesamanslåinga. Fellesnemnda skal også vedta budsjett for samanslåingsprosessen innanfor ramma av dei statlege løyvingane.
- Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Forhold som ein vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort med vanleg fleirtal. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert.
- Fellesnemnda skal halde kommunestyra i dei fire kommunane orientert om nemnda sitt arbeid.
- Fellesnemnda skal legge til rette for eit godt samarbeid mellom prosjektleiar og rådmennene i dei fire kommunane fram mot etablering av den nye kommunen.
- Delegering.
Fellesnemnda kan delegera til politisk underutval og/eller den administrative styringsgruppa å fatte vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
- Saksførebuing
Administrativ styringsgruppe førebur saker til fellesnemnda.
Når påtroppande rådmann er tilsett, innstiller han til fellesnemnda.
Påtroppande rådmann, rådmennene og prosjektleiar har møte – og talerett i fellesnemnda.

Kva vedtak bør kommunestyra gjere i mars 2017 om fellesnemnd?

1. XXX kommunestyre godkjenner oppgåver, fullmakter og mandat for fellesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal frå 1.1.2020 slik det går fram av saksutgreiing datert ?? februar 2017.
2. Fellesnemnda skal ha slik samansetjing:
Førde: 6 medlemmar + 8 varamedlemmer
Gaular: 3 medlemmar + 5 varamedlemmer

Jølster: 3 medlemmar + 5 varamedlemmer
Naustdal: 3 medlemmar +5 varamedlemmer

3. Følgjande medlemmer i XXX kommunestyre blir XXX kommune sine representantar i fellesnemnda:

Representantar	Vararepresentantar

4. Det blir oppretta eit partssamansett utval (administrasjonsutval) i samband med samanslåingsprosessen. Arbeidsgjevar sine representantar er fellesnemnda. Arbeidstakarane vel 6 medlemmar samt varamedlemmer.

Utvalet skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal gje uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Førde 29.01.2017

Prosjektgruppa